



Pressemelding til lokalavisene (Silje)

## **Jarle Landås blir kommunalsjef for nye samfunnsutvikling**

**Han overtar leiaransvaret etter Hogne Haugsdal som skal slutte i april og Anny Bastesen som går av med pensjon i juli.**

Alver kommune skal slå saman sektorane 1) teknisk forvaltning og drift og 2) dagens samfunnsutvikling. Frå 15. april overtar Jarle Landås leiaransvaret for dei to sektorane og skal leie prosjektet som skal føre til at to sektorar blir til ein.

Jarle Landås var rådmann i Radøy kommune før kommunesamanslåinga med Lindås og Meland. Sidan 1. januar 2020 har han vore leiar for kommuneadvokatkontoret og ein del av leiargruppa til kommunedirektøren i Alver.

### **Jobbar med omstilling**

– Eg er utruleg glad for at vi har fått til denne omrokkinga i samråd med tillitsvalde. Dette gir oss ein dyktig mann med rett kompetanse og tung leiarerfaring i ei sentral leiarstilling. I tillegg får vi moglegheita til å redusere leiinga ytterlegare, seier kommunedirektør Christian Fotland.

Alver kommune brukar 200 millionar kroner meir i året enn kommunar på same storleik.

– Hovudoppgøret vårt dei neste åra er å få økonomien vår på rett kjøp. Ingen skal miste jobben eller gå ned i løn, men mange vil få nye oppgåver eller stillingar – slik Jarle no gjer, seier Fotland.

### **Tiltaksliste i mai**

Kommunen jobbar ilag med konsultentselskapet PwC for å finne forslag til tiltak, som gjer at Alver kan redusere kommunen sine kostandar med 200 millionar kroner.

PwC skal legge fram ei liste med forslag til tiltak i mai, som politikarane får overlevert før sommaren og skal behandle til hausten.

### Kontaktpersonar:

- Christian Fotland, kommunedirektør – mobil: 99 12 18 09
- Jarle Landås, ny kommunalsjef for samfunnsutvikling – mobil: 40 22 82 15